


årsrapport 2022



Lesja bygdemuseum – Presthaugen Lom bygdamuseum – Jutulheimen Vågå bygdamuseum – Norsk fjellsenter – Gudbrandsdal krigsminnesamling – Dale-Gudbrands gard – Pilegrimssenteret – Ringebu stavkyrkjeutstilling – Stavkyrkjesenteret i Lom – Otta bergverkssenter – Einbustugu – Bygningsvern – Villreinløypa – Ullinsvin – Opplandsarkivet avd. Dombås, Skjåk, Vågå, Midtdalsarkivet – Folkemusikkarkiva Nord-Gudbrandsdal, midt- og sør-Gudbrandsdal




***VI TEK VARE PÅ KUNNSKAP
OM FORTIDA OG VÅR
NÅTID FOR MENNESKA I
FRAMTIDA.***



året **2022**



Kveldsseto med
drakthistorie i Ringebu.



«Gudbrandsdalsmusea

- skaper verdier med og for den Gudbrandsdalske kulturarven!»

Rapportåret 2022 starta med strenge pandemirestriksjonar, men utover vinteren vart desse lempa på. Sommaren kom og frisleppet kom også med store forventningar. Desse vart berre delvis innfridd for museet sin del. Etter to somrar med tvungen norgesferie var folk klare for utlandet så fort det lot seg gjera. Mange av verksemdene som opplevde boom sommaren 2021 fekk ein nedgang i trafikk i 2022. Dette gjeld også for Gudbrandsdalsmusea totalt sett, men vi har også avdelinger med auke i besøkstalet.

Sommaren vart avvikla med gode tilbod ved alle publikumsretta avdelinger. Digital formidling og aktivitet på sosiale medier blir stadig viktigare. Men det finst også eit motstykke til dette: Mange er opptekne av kor bra, og kor viktig det er å treffes i levande live, og ikkje berre på skjerm. Gode møteplassar er sentralt for Gudbrandsdalsmusea, og vi har mange av desse.

Mål for musea

Gjeldande museumsmelding har følgjande overordna målsettinger for musea:

- Solid kunnskapsprodusent
- Relevant formidling
- Helhetlig samlingsutvikling
- Trygg ivaretaking
- Aktiv samhandling

Gudbrandsdalsmusea har teke inn over seg desse målsettingane, og dei er innarbeidd både i strategisk plan og tiltaksplanar. Graden av måloppnåing vil variere med ulike tiltak – vi har eit breitt virke i regionen. Men i kombinasjon med eigne strategiske mål og i samhandling med eigarar og medaktørar er desse med og formar verksemda.

Besøk på ulike areaner

Gudbrandsdalsmusea har besøkspunkt i kvar bygd i dalen frå Ringebu og nordover. Det samla besøket i 2022 syner ein svak auke sett i høve til 2020 og -21. Fleire av arenaene til Gudbrandsdalsmusea er i samråd med eigarane våre ein del av den kulturelle infrastrukturen i dalen, og anlagt slik at dei har samfunnsmessige plussverknader utan at det er ønskjeleg eller

mogleg å ta ut billettinntekter på alle opplevingsmål. Gudbrandsdalsmusea arbeider likevel med å skape arenaer og tilbod som gjer det mogleg å auke eiga inntening gjennom billettar og sal.

Avdeling	2020	2021	2022
Friluftsmusea i Lom, Vågå og Lesja	15 338	13 963	12 996
Kyrkje, kyrkjeutstillingar Lom, Lesja, Ringebu	14 199	13 878	13 493
Spesialutstillingar, inkl. Norsk Fjellmuseum	33 442	33 479	29 592
Opplandsarkivet samla	877	956	1 073
Anna fagleg arbeid	2 628	5 472	11 780
Sum	66 484	67 748	68 934

Arkiv- og samlinger

Fysisk besøk ved arkivavdelingane er svakt aukande, medan førespurnader og engasjement digitalt auker meir. Pandemi har truleg påskynda digital vekst, samtidig som det er lågare terskel for å besøke arkiv digitalt når det kan skje frå eigen sofakrok når det passer.

Det kjem stadig inn nye arkiv med interessant materiale. Når det gjeld samlingane blir stadig fleire gjenstander flytta inn i stormagasinet i Vågå. I løpet av året er tidlegare arkiv i Gamlebanken i Vågå rydda heilt og lokalet er levert attende til kommunen. Magasinet i Ullinsvin fungerer svært godt, og oppbevaringstilhøva er gode og trygge. Ved alle samlingsavdelinger foregår eit kontinuerleg arbeid med gjennomgang, sikring og ivaretaking av samlingene. Arkiv- og samlingsmedarbeidarane koordinerer arbeidet gjennom fleire møtepunkt både digitalt og ved å treffes.

Samlingsobjekt - totalantal	2020	2021	2022
Papirarkiv hyllemeter	651	661	773
Papirarkiv antal	1432	1478	1556
Film og video antal arkiv	548	682	712
Lydarkiv antal	4555	4666	4738
Kulturhistoriske bygningar	48	48	48

Historiske foto	178788	228397	256402
Dokumentasjonsfoto	39357	41594	44022
Kulturhistoriske gjenstandar	12239	13097	13201

Samlingane til Gudbrandsdalsmusea – totalt

Ordning og registrering av både arkiv og gjenstandar skjer kontinuerleg, og tabellen under syner utviklinga i dette langsiktige arbeidet i 2021. For papirarkiv, film, video og lyd justerer samletal seg i blant ned når arkiv blir gjennomgått og systematisert. Arkivarane arbeider kontinuerleg med å kvalitetssikre tala.

Samlingsobjekt – ordna og registrert	2020	2021	2022
Papirarkiv hyllemeter	410	460	528
Papirarkiv antal	1248	1300	1382
Film og video antal arkiv	459	500	530
Lydarkiv antal	4374	4418	4422
Historiske foto	54759	65066	75799
Dokumentasjonsfoto	6249	6651	9079
Kulturhistoriske gjenstandar	9994	10941	11681

Samlingane – ordna og registrert

Gudbrandsdalsmusea har ein generell intensjon om å gjera samlingane tilgjengelege for publikum både gjennom fysiske utstillinger og digitalt i størst mogleg grad. Ein del materiale er klausulert slik at originalmateriale ikkje kan leggest på nett. Vi søker da å legge ut innhaldslistar over kva som finst i arkiva, slik at publikum kan oppsøkje desse. Digitaliserte foto og gjenstandar blir publisert i arkivportalen og Digitalt museum

Samlingsobjekt – tilgjengeleg digitalt for publikum	2020	2021	2022
Papirarkiv tilgjengeleg i arkivportalen	485	545	957
Film og video - kutt med info tilgjengeleg i arkivportalen	27	57	63
Lyd – samlingar med info tilgjengeleg i arkivportalen	0	4	4
Foto –publisert på Digitalt museum	7937	9597	12037
Kulturhistoriske gjenstandar på digitalt museum	6698	7738	8344

Samlingane – digitalt tilgjengeleg

Samlingane er grunnlag for publisering av foredrag, artiklar, bøker og info i sosiale media. Vi har som mål formidle gode historier som ligg der, klare for å gje meining for folk i kvardag og fest.

Samarbeid og samfunnsrolle

Gudbrandsdalsmusea har sitt virke i samspel med eit levande kulturhistorisk miljø i dalen. Eigarforeningar, historielag og interesserte enkeltpersonar er alle med og gjev liv til det kulturhistoriske arbeidet. Dei største miljøa samla sett finn vi omkring Ringebru Prestegard, Krigsminnesamlinga i Kvam, Bygdamuseet på Lesja, i Vågå og i Skjåk.

I samband med frivilligåret 2022 har Gudbrandsdalsmusea i samarbeid med Gudbrandsdal Historielag og Stiftelsen Norsk Kulturarv delt ut frivilligprisen for Gudbrandsdalen kvar månad. Prisen har gått til eldsjeler innan ulike tema, og dette har fått stor merksemd.

Gudbrandsdalsseminaret var skipa til på Maihaugen i mai, og samla om lag 100 historisk interesserte til foredrag og fagleg utveksling sett under temaet «Kultur møte og endring». Tematikken har samband med 1000-årsjubileet på Hundorp i 2021, og seminaret vart avvikla i 2022 grunna pandemien.

Samarbeid med Maihaugen

Gudbrandsdalsmusea har eit godt samarbeid med Stiftelsen Lillehammer museum, Maihaugen. Den faglege utvekslinga går både vegar, og formelle samarbeidsavtaler ligg i botn. Samarbeid om samlingane våre i særleg grad relevant i og med at både musea dokumenterer kulturarven i Gudbrandsdalen.

Sosiale medier og samfunnskontakt

Tidlegare turnus har gitt god rutine slik at dei tilsette nå publiserer i sosiale media når det skjer noko på deira felt.

Heimesida vår aukar framleis. I 2022 har vi hatt 12.126 unike brukarar. Det er 1986 fleire innom enn toppåret 2021. Vi har hatt 29 119 sidevisningar og det er ei auke på 5 995 frå året før. Det er verd å merke seg at meir enn halvparten av brukarane kjem frå land utanfor Norge.

SNAPCHAT – konto for folkemusikkarkiva i Gudbrandsdalen. Denne kanalen blir brukt for å nå ut med nyheiter og alt gullet vi har i arkiva. Mange følgjer oss, og vi når mange .

FACEBOOK	Følgjarar 2020	Følgjarar 2021	Følgjarar 2022
Gudbrandsdalsmusea	2234	2 895	3 449
Pilegrimscenter Dale Gudbrand		334	429
Lesja Bygdemuseum	914	1109	1 355
Jutulheimen Bygdamuseum	508	701	768
Lom Bygdamuseum – Presthaugen	519	654	719
Norsk fjellsenter Lom	3348	3585	3810
Samla antal følgere på facebook	7523	9278	10530
INSTAGRAM	840	1019	1058

Nye grep og utvida målgrupper

Gudbrandsdalsmusea skal i blant ta nye grep i formidling av kulturarven. Med utradisjonelle vinklinger kan ein nå nye folk og gje dei informasjon dei ikkje visste at dei hadde interesse for.

Nye formidlingsgrep mot nye målgrupper er også hovudtanken bak konseptet «Gråtassen og Gullegget». Konseptet starta sommaren i 2020, vart vidareført i 2021, da også med nyskapingen «Vabisen, Gullegget og Gudbrandsdalsmusea i Vesterveg». Gjennom aviser, radio og sosiale medier har dette skapte så stor merksemd at vi også i 2022 gjentok konseptet.

Gjennom ein femdagars tur i Trøndelag vart bedrifter og enkeltpersonar besøkt. Felles for desse er at kulturarv i ulike format er ein viktig fellesnemnar. Turneen fekk både framside og dobbeltside i Adresseavisa, oppslag i Trønderavisa og fleire småaviser, og stor omtale i sosiale medier. Både vårt eige og andre sitt arbeid med opplevingar basert på kulturarv fekk fokus blant mange som elles ikkje er på nett med museet.

Med Ibsen i Italia

Peer Gynt er verdensdramatikk med nær tilknytning til Gudbrandsdalen. Gjennom årlege forestillinger ved Gålåvatnet kvar haust er Peer Gynt mellom dei kulturytringer som bidreg med størst både kulturell og økonomisk verdiskaping i Gudbrandsdalen.

Hausten 2022 dokumenterte og formidla vi informasjon om bakgrunn og samfunnstilhøve når Henrik Ibsen skreiv Peer Gynt, og fotefar etter forfattaren i Italia vart formidla gjennom reisebrev som følgde hans liv i Italia frå 1864 til 1868.

VERKSEMD VED AVDELINGENE



BYGDEMUSEUM

Lesja Bygdemuseum

«Arrangement, mangfald og bygdatun-vaffel!»

Aktivitetar i eldhuset på
Lesja bygdetun legg til rette
for rekruttering.

Etter to år prega av pandemi og restriksjonar vart 2022 året da vi igjen kunne gjennomføre arrangement og ønskje utanlandske gjestar velkomne att! Sommarsesongen vart gjennomført på vanleg måte, med eit stort mangfald i husflids- og handverksaktivitetar, bakst og barneaktivitetar. I tillegg kunne vi for fyrste gong sidan 2019 invitere til Markens Grøde; 10 dagar med kultur- og naturarrangement rundt om i bygda.

Heilt sidan 1985 har Lesja Bygdekvinnelag og Husflidslaget i Lesja, saman med mange gode hjelparar; stilt opp med aktivitetar og liv i husa; så og i 2022. Både baksten i eldhuset og Ulateigstugu og husflids- og handverksaktivitetar på tunet og i Bellestugu er element som gjer museumsbesøket for våre besøkande til noko «ekstra». At museet er tilrettelagt for barn og barnefamiliar, både gjennom organiserte og uorganiserte aktivitetar og det at tunet er ein trygg boltreplass for store og små, er av dei tinga vi får gode attendemeldingar på. I tillegg er jo den store dugnadsinnsatsen frå Venneforeninga i form av kaffe- og vaffelsal avgjerande for at folk får ei ekstra god oppleving.

Dyr på tunet er alltid populært, men noko som sjølv sagt medfører ein del ekstra arbeid og ikkje minst ansvar. Av praktiske årsakar hadde vi derfor ikkje gris på museet i 2022, men eit par lam og nokre høner. Det vart imidlertid dramatisk da det ein morgon på tampen av sesongen vart oppdaga at rev eller røyskatt hadde vore på ferde i hønsegarden og hatt eit skikkeleg festgilde! Omgrepet «levande museum» fekk litt nytt innhald denne dagen!

Fjøset frå Nordre Klukstad vart såpass ferdigstilt til sommarsesongen at vi kunne lage utstilling der. Utstillinga vart todelt; med ein del som tek for seg tradisjonell mjølkeproduksjon og setring; og ein del som fortel historia om Lesja Dampysteri. Fjøset vart heilt ferdigstilt med tak mm i løpet av hausten.

I tillegg var det fotoutstilling i Kornmagasinet, med både bilete og fotoutstyr frå ulike perioder.

Besøkande

At vi i stor grad har lagt bak oss koronapandemien, syner og att i kven som har besøkt bygdatunet i sommar. Medan det særleg i 2020, men og i stor grad i 2021, var nordmenn som utgjorde hovudtyngda av besøkande, har i år dei utanlandske turistane igjen utgjort ein stor andel. Særleg tyskere og nederlendere, men og øvrige europeiske land og USA har vore godt representert. Mengda nordmenn har gått kraftig ned i høve dei to føregåande åra. Det har og vore ei stor auke i grupper denne sesongen; nokre utanlandske, men i størst grad lag og foreiningar frå Gudbrandsdalen og omegn.

Arrangement

I juni stilte Lesja bygdemuseum tun og areal til disposisjon for Lesja si fyrste Pride-markering. Grunna ein del fokus på temaet og arrangementet i både regionale og riksdekkande media i forkant, var det ein god del presse til stede, og med nydeleg vær, flotte omgjevnadar og om lag 500 glade deltakarar, fekk vi verkeleg synt fram museet frå si beste side! Lokalt finn vi det heilt riktig at museet som ein samfunnsaktør deltek og i slike typer arrangement.

I juli var det omsider klart for Markens Grøde att. Museet er med i arrangørkomiteen/styret, men det er særleg den tradisjonsrike marknadsdagen på tunet som er museet sitt ansvar i løpet av veka. Ein vellukka dag med vel 650 personar innom porten, godt utval av salsboder, loddsal og konkurranser.

Ein hustrig og mørk fredagskveld i september inviterte vi til «Natt på museet» for alle elever på 5.-8. trinn på Lesja og Lesjaskog skular. Med skrekkløype, spøkeshistorier, fyrstehjelpskurs, brannslukking og pølsekiosk vart det ein «skrekkeleg artig» kveld for store og små.

Jul på tunet vart arrangert siste laurdagen i november. Eit fint arrangement for alle som deltok, men som mange andre julemesser har rapportert om, har det blitt vanskelegare å få med både utstillarar/selgere og besøkande.

I desember arrangerte vi storstilt lansering av boka «Kunst og handverk i familien Sveen – Skapande hender i tre generasjonar». Om lag 200 personar møtte opp til boklansering og ettermiddagskaffe.



Fint vær og mykje folk på den tradisjonsrike marknadsdagen under Markens Grøde

Samlingsarbeid

KVA ER GJORT 2022

1. Jvf. oppfølging av magasinsjekk okt. 2021:
 - a. ble det for gi plass til Lesjas egne tekstiler besluttet å tilbakeføre 31 VHV-esker med tekstil til magasin Ullinsvin.
 - b. besluttet å overføre 25 lagerreoler fra Lom BM's magasin til bruk i Lesja sine magasiner
2. Altmuligrom i kjelleretasjen ble ryddet og nye reoler satt opp.
3. Klimakontroll gjennomført. Klima status quo.
4. Sjekk av registreringsrutiner gjennomført ved samlingsansvarlig.
5. Utlån av rekkeildsted til Røros museum for 1 år.
6. Gjennomgang og evt nyregistrering på Gl. magasin og Nytt gjenstandsmagasin fortsatte.

7. Avtaler 2012-2019 som er funnet er sendt samlingsansvarlig, herav 18 skannet. Tilkopling til aksesjon i Primus gjenstår.
8. Avtaler 2020, 2021, skanning og tilkopling til aksesjon i Primus gjenstår.

Presthaugen, Lom bygdamuseum

Presthaugen er først og fremst eit mykje brukt område for bygdefolk og tilreisande til Lom, samt for skule og barnehage. Området er veileigna til leik og som turområde. Husa i Presthaugen er fine kulisser. Det er ei utfordring å skape inntening i eit friluftsområde utan avgrensing og billettsal, slik det lokalt er eit sterkt ønskje om at Presthaugen skal vera.

I 2022 vart det nye Eldhuset teke i bruk, og i samarbeid med næringsdrivande i Lom er dette nytta ved fleire arrangement som samla folk til tradisjonelle matopplevingar med tilberding av måltid over open varme.

Gjennom sommaren er det også arrangert temadagar med handverksaktivitetar, gamaldags skuledag i Skulstugu og Olsokstemne med trekkspelkonsert med unge og eldre lokale spelemenn.

Norsk Fjellsenter brukar også Presthaugen til aktivitetar – meir om det i eige kapittel.

Hausten 2022 har det vore anleggsarbeid i Presthaugen, med lyssetting av gangstien gjennom området, forbetring av tilgjengelegheit for bevegelseshemma, samt fornying av brann- og innbrotsalarm. Arbeida er utført av lokale entreprenørar, med Kulturrådet, Stiftelsen Uni, Nasjonalparkbysamarbeidet og eigne midler som finansiering, og arbeida blir endeleg slutført på vårparten 2023.

Samlingsforvaltning. Gjenstandssamlingene

KVA ER GJORT 2022?

1. Revisjon av samlingene ble startet etter avslutningen av revisjonen for NFJ i august 2021.
 - a. Alle tekstilobjekt er revidert for alle opplysninger i Primus, rengjøring, preventiv konservert, tilstandsvurdert, fotografert og pakket
 - b. Alle ikkereviderte hylleobjekt er hentet fra magasin på Lom BM til NFJ for revidering.
 - c. 59 objekt, ca. 5 % av alle, er ferdig revidert inkl. rengjøring, preventiv konservert, tilstandsvurdert, fotografert og pakket
 - d. Alle avtaler i dokumentarkivet er lagt til i tilhørende aksesjoner Primus
 - e. Alle krus, kanner, ambarar samt fast og løst inventar i Glømsdalsstugu, seterstugu, husmannsstugu og Skolestugu, de 3 stabbura samt Olavsstugu er ferdigregistrerte og reingjorte, preventiv konservert, tilstandsvurdert, fotografert og ev. pakket.

Stavkyrkjeutstillinga Lom

Utanlandske turistar og bussturisme er på veg attende. Utstillinga bør fornyast, men dette har ikkje vorte prioritert i år. Objekta blir tekne godt vare på, med oppdaterte klimatiltak og reingjering.

Norsk fjellsenter i Lom

Norsk fjellsenter er besøkssenter nasjonalpark for Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen kombinert med at vi er eit museum for fjellet sin historie og fjellturismen sin utvikling.

2022 starta året med koronarestirksjonar, men i frå mars 2022 opna vi opp for fullt og greide oss ut året utan at korona påverka drifta vår.

Torsdagsforedrag blir godt motteke

Vi starta med torsdagsforedrag den 24. mars 2022. Dette var eit foredrag med Lisa Grøva frå Sintef og tema var korleis kan ull erstatta plast og elles vera ein del av framtida og løysinga? Knut Ihlen Tønsberg var neste ut 21. april og han snakka om Slingsby og fortalte ein del ukjente sider ved denne kjende fjellklatraren.

12. mai arrangerte vi dagsseminar i lag med forvaltar frå Jotunheimen. Målgruppa var reiselivet og dialog mellom forvaltning og reiseliv i samband med revisjon av forvaltningsplan.

19. mai arrangerte vi foredrag om fjellklatring med Dag Jørund Vik frå Oppdal.

11. august arrangert vi foredrag om «det umoglege fjellet». Nepalesiske klatrarar gjennomførte vinterbestigning på verdas nest høgste fjell, K2, midt på vinteren. Dei kom til oss og fortalte om denne strabasiøse turen i lag med John Gangdal.

4. september hadde vi familiekonsert i samband med Diktardagar i Lom.

24. november hadde vi foredrag og boklansering «frå jeger til gjetar» – historia om reindrifta i Jotunheimen og Filefjell.

Vi har svært godt besøk på desse torsdagsforedraga og det blir teke veldig godt i mot av folk lokalt og regionalt. Dette er det veldig viktig at vi greier å vidareføre.



Frå foredraget «frå jeger til gjetar», kombinert med boklansering av bok med same tittel. Tamreinen Iver å besøk

Frå 20.-25. september var vi medarrangørar av ULENDT. Dette var ei tverrfagleg samling for frivillig og offentleg redningsteneste. Dette vart eit stort arrangement som gjekk føre seg på Fjellsenteret og ute i fjellet. Det var om lag 200 stk. samla desse i dagane og det er tenkt at dette skal bli eit årleg arrangement.

8. oktober arrangerte vi familiedag. Her fekk ungane skyte med pil og boge, lage perlekjede, spikke og gå rebus i utstillinga. Vi hadde også eit «ikkje gjer det heime-show».

Vi starta hovudsesongen frå om lag 1. mai fram til 10. oktober, med opningstid frå 9.00 – 19.00 frå slutten av juni til slutten av august. Elles frå 9.-17.00. Vi har mykje besøk og hadde i overkant av 10.000 inne i utstillingne og om lag 28.000 i publikumsarealet.

Kompetansesenter Fjellredning

Vi satte i gang forprosjektet «Kompetansesenter fjellredning» i 2020. Forprosjektet vart avslutta i desember 2021. Målet vårt er å etablere eit kompetansesenter for fjellredning som kombinerer forskning med praktiske oppgåver for organisert og frivillig redningsteneste. Samhandling for å utvikle redningstenesta i ei tid med klima i endring og stor usikkerheit knytt til konsekvensar av det.

Vi tilsette dagleg leiar som tok til i jobben 1. september 2022. Rett før jul fekk vi tilslag frå Regionalt forskingsfond på ein søknad der om eit forskingsprosjekt som går på smeltande permafrost og konsekvensar for næringsliv og turisme i fjellområda.

Vi hadde 11 sommartilsette fordelt på Klimaparken og Norsk fjellsenter. Desse fungerte svært godt denne sesongen også, vi er heilt avhengige av å ha flinke folk med relevant utdanning for å levere det vi skal til publikum.

Gjennom sommaren arrangerte vi vikingfredag for ungar, dette gjennomførte vi kvar fredag i juli, og ein fredag i august. Dette vart veldig ettertrakta, vi hadde begrensa plassar på kvart arrangement. Dette var tilrettelagt for barn mellom 6 og 12 år. Opplegget tok om lag 2,5 timer og vart avvikla 2 gonger kvar gong. Ungane fekk tildelt vikingklede og vikingnamn, fekk lære å tenne bål med flint og tennstål, skyte med pil og boge, lage runer med kolrosing, lage seg ein amulett samt skinnreim av garva reinsskinn, i tillegg til andre aktivitetar. Ein del av opplegget er utstillinga for å sjå på dei gjenstandane vi har frå vikingtid.

Vi hadde fleire skuleopplegg enn nokon gong i 2022. Vi har tilsett ein pedagog på heiltid nå og han besøker skuler og tilbyr gode skuleopplegg forankra i lærarplan

Jutulheimen og Ullinsvin i Vågå

Utstillingar og aktivitetar

Året 2022 har vore prega av stor aktivitet både i arkiv, gjenstandsmagasin og med sommaraktivitetar i Ullinsvin. I Ullinsvin gjennom sommaren har vi hatt utstillinga I glede og sorg – folkemusikkbygda Vågå. Foto og gjenstandar vart lånt inn frå private. Utstillinga hadde stort besøk heile sommaren.

Gjenstandane i aurbua i Ullinsvin er ferdigregistrerte, og klare til å synast fram sommaren 2023. Dette dreier seg om gjenstandar knytte til ysting og sætring.

Torsdagane var det musikk på tunet av ulike utøvarar frå lokalmiljøet. Kvar onsdagskveld gjennom heile sommaren var det kveldsseto, noko som er ein stor suksess. Ymse kulturhistoriske tema, musikk med meir blir sett på plakaten i ein rikhaldig sommarmeny. Både fastbuande og feriefolk finn stor glede i desse arrangementa.



Frå kveldsseto med tema plantefarging

Sikring og tilrettelegging

Fleire og fleire gjenstandar blir registrerte og fløtt frå Jutulheimen og ned til magasinet i Ullinsvin. Det har fløtt inn ein leigebuar i 2.etg. på Øyastugu, han er med på å helde augo med plassen under arrangement og utanom arbeidstid. Dette er eit rimeleg sikringstiltak.

Ved Kveldsseto vart ulike historisk tema teke opp, fleire av desse knytte til utstillinga vår. Dette var trivelege kveldar som både besøkjande og dugnadsfolket sette stor pris på.

Samlingsforvaltning. Gjenstandssamlingene

KVA ER GJORT I 2022?

1. Gamlebanken er tømt for arkiv, alt er fløtt til Ullinsvin
2. Fukt- og temperatursvingningar blir fylgt nøye opp.
3. Gjenstandssamlingane til Fjellsenteret og Presthaugen er plassert i Ullinsvin

OPPLEVINGSSENTER

Stavkyrkjeutstillinga Ringebru

Skuleformidling

Avdelinga har i samarbeid med Stiftelsen Ringebru Prestegard lagt til rette for skule- og kunnskapsformidling. I 2022 har målsettinga vore å vedlikehalde utstillinga og gjenoppta skuleformidlinga etter to år med pandemi og ned stenging.

Aktivitet

Avdelinga vart ramma av restriksjonane i samband med koronautbrotet. Ein missa ein god del bussgrupper, skulebesøk og utanlandske turistar. Likevel fekk ein gjennom gode smitteverntiltak og god informasjon gjennomført ein tilnærma normal sesong. Avdelinga hadde i året som gjekk eit totalt besøk på 8418 personar der 215 var born frå skulane i nærrområde.

I 2022 har Ringebru Prestegard fått på plass ein dagleg leiar som i samarbeid med avdelinga har gjort eit godt arbeid med skolering av omvisarar.

Samlingar

GM si avdeling Stavkirkeutstillingen har gjenstandar innlånt frå Lillehammer Museum Maihaugen, KHM og frå private. Utstillinga fortel om bruken av kyrkja gjennom tekst, bilete og gjenstandar. Her er og ei avdeling som fortel meir om stavkyrkja i Ringebru og ei oversikt over alle stavkyrkjene i Noreg. Samlingansvarleg har i 2022 følgd opp klimatilhøve ved avdelinga. Klimatilhøva er gode. Det har ikkje vore tilvekst ved avdelinga og ingen nyregistrering.

Utviklingsplanar

Gudbrandsdalsmusea AS vil ta initiativ til ein plan for oppgradering av utstillinga saman med Ringebru Prestegard.

Lyssetting, innhenting av kunnskap og oversetting av tekstene, samt digitalisering vil være prioriterte oppgåver.

Sikringsarbeid

I alt har utstillinga 95 gjenstandar utstilt, og 85 av desse er innlånte, dei fleste frå kulturhistorisk museum og frå Stiftelsen Lillehammer museum, Maihaugen. Verdifulle kulturhistoriske gjenstandar, for ein stor del frå før reformasjonen gjer sikring ekstra viktig.

I samheng med utviklingsplan vil ein sjå på tilhøva rundt brannsikring spesielt.

Krigsminnesamlinga på Kvam

Gudbrandsdalsmusea As si avdeling Gudbrandsdal Krigsminnesamling er ei utstilling av gjenstandar og bilete som formidlar krigen i Gudbrandsdalen og Kvam. I tillegg har samlinga ei eige utstilling som omhandlar det såkalla skottetoget i 1612.



Norsk stilling – Møre bataljon IR11 (foto GM)

Aktivitet

I 2022 hadde samlinga mykje skuleformidling både frå grunnskulen og vidaregåande skule og det er gledeleg. Samlinga har hatt besøk frå enkelte skular i alle kommunar i midt-dalen og Sel. Skuleformidling er eit viktig satsingsområde. Avdelinga var med-arrangør for arrangementa i midt-Gudbrandsdalen frigjeringsdagen 8. mai, og deltok på markeringane i Kvam og Sødorp. Gruppebesøk frå inn- og utland med formidling av krigshistoria i dalen var det ein del av i 2022. Totalt besøkte 654 personar samlinga i 2022.

Samlingane

Gudbrandsdal krigsminnesamling på Kvam er ei samling der krigshandlingane i april dagane 1940 og okupasjonsåra blir formidla gjennom gjenstandar og tekst. Samlinga inkluderer gjenstandar innlånt frå Forsvarsmuseet, Lillehammer Museum Maihaugen, og frå private. I alt er det 1001 gjenstandar i samlinga. I samlinga inngår og ei utstilling som formidlar hendingane i 1612 og det såkalla

skottetoget I 2022 har gjenstandane som vert erverva i 2020 vorte registrert og skal settast inn i utstillinga.

Samlingsarbeid

I samarbeid med stiftinga Gudbrandsdal krigsminnesamling forvaltar vi gjenstandar som er gjevne som gåve frå privatpersonar og institusjonar/firma, innlånt frå FM, Lillehammer museum-Maihaugen, innlånt/deponert frå privatpersonar.

I 2022 har ikkje samlinga hatt tilvekst av gjenstandar, og avdelinga har innført ein restriktiv haldning når det gjeld mottak av gjenstandar då ein ikkje har tilstrekkeleg magasinkapasitet.

Registrering

I 2022 har museet i samarbeid med venneforeininga registrert Sinclairsamlinga i primus og publisert dette på digitalt museum.

Utviklingsplanar

Stiftinga Gudbrandsdal Krigsminnesamling har teke initiativ til å få meir utstillingsplass. Gudbrandsdalsmusea AS og stiftinga har byrja å sjå på moglegheit for å få den såkalla Skottelåven ned på Gudbrandsdal krigsminnesamling. Dette for å få meir utstillingsplass, ei eiga avdeling for 1612 – Skottetoget og frigjera plass til magasin inne i hovudbygningen.

Gudbrandsdalsmusea AS arbeider og med å få på plass midlar til ei digitalisering av tekstene i samlinga. Dette for å gjera utstillinga meir attraktiv hos unge og meir tilgjengeleg.

Gudbrandsdalsmusea AS er også ein samarbeidspartner i arbeidet med å gjera 8 mai ein meir heilhetleg arena for frigjerings- og veterandagen.



8 Mai 2022 Kvam. (Foto Nord-Fron kommune)

Sikringsarbeid

Samlinga har mange gjenstandar som er innlånt frå private, Forsvarsmuseet og Lillehammer Museum Maihaugen. Her av mange våpen. Det gjer at sikringstilhøve er viktige. Difor gjer GM ein gjennomgang av sikringsplan årleg. Sikringstilhøva ved avdelinga er gode.

Bergverkssenteret på Otta

Otta bergverkssenter er samlokalisert med Sel bibliotek avdeling Otta. Med plansjar, foto og ei rekke gjenstandar viser vi driftshistoria innan kleberstein, skiferuttak og Sel koparverk, eit av landets eldste bergverk. Lokaliseringa er gunstig, da besøkjande til biblioteket har lett tilgang til området med utstillinga.

Otta bergverkssenter forvaltar kulturminneområdet Rustgruvene. Dette er ein kultursti som vart etablert av Sel kommune i 2009. Stigen går gjennom området med 1600-talsgruvene etter Sel koparverk. Informasjonstavler fortel om dei ulike objekta ved gruvene. Andre kulturminne etter stigen er veteplass, dyregraver og gamle vegfar. Avdelingsleiar er ansvarleg for skjøtelsplanen for området. Årleg vegetasjonsskjøtsel er utført.

I tillegg har Otta bergverkssenter eit gjenstandsmagasin i Sel rådhus, Otta. Magasinet er utstyrt med reolar og fotoutstyr og inneheld for det meste gjenstandar knytt til bergverk og industri. Magasinet er universelt utforma med tilgang via rampe og heis.



På veg til feltarbeid på Rauhamran, Dovre

Avdelingsleiar/registrator arbeider med eit dokumentasjonsprogram der minner etter bergverk og steinindustrien blir registrerte og dokumenterte. Registrator har dokumentert fleire lokalitetar i 2022. Han har også vore foredragshaldar på Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, avd. Otta, hatt kuratoroppdrag, og delteke på kveldsseto.

Avdelinga er med i nasjonalt nettverk for bergvervmuseum administrert av Norsk Bergverksmuseum på Kongsberg. Gudbrandsdalsmusea si avdeling er sterkt inne i verneprogrammet for klebersteinsfabrikken på Sagflaten i Sel. Direktøren sit som styremedlem i Sagflaten SA saman med avdelingsleiar/registrator og bygningsvernrådsgjevar.

Verneprosjektet har halde fram i 2022, og det er utført eit stort arbeid både ved innleigd hjelp og dugnadsarbeid. Arbeid med finansiering går føre seg fortløpande, og økonomien ved inngangen til 2023 er god.

Sel kommune har arbeid ut kulturminneplan, som nå er godkjent. Gudbrandsdalsmusea fekk ansvaret for å skrive planen, og ein dyktig person på engasjement har utført dette arbeidet. Avdelingsleiar/registrator har vore fagleg rettleiar i arbeidet med planen.

Eit større forprosjekt for «Nasjonalt senter for naturstein» har pågått i 2022, og slutføres vinteren 2023. Mykje informasjon er samla om viktige forutsetningar dersom aktørar vel å gå vidare med realisering av dette store prosjektet.

SAMLINGSARBEID GJENSTANDSSAMLINGENE

KVA ER GJORT 2022?

1. Alle restanser er registrerte. Heile samlinga er nå registrert.
2. All tilvekst i 2022 er registrert
3. Nye avtaler/aksjonskvitteringar er skanna og arkiverte.

Einbustugu på Dombås

Det vart i 2022 halde to omvisningar på Einbustugu. Tidleg på året var det ei gruppe på tre med m.a. eit styremedlem frå Norsk Astronomisk Selskap.

I september vart det arrangert "Nordisk Komparasjon av magnetiske instrumenter" på Dombås med 16-17 deltakarar frå alle dei magnetiske observatoria i Norden (Island, Finland, Danmark, Sverige og Norge). Gruppa brukte ein ettermiddag på Einbustugu og fekk ei grundig orientering om Sigurd Einbu. Den magnetiske målestasjonen som vart starta av Sigurd Einbu på Dombås er i dag ein av berre tre stasjonar i Norge (dei andre er ved Universitetet i Tromsø og på Bjørnøya).

Gardsbutikken på Hundorp/ Tusenårstaden

«Sjå mot aust, der kjem vår gud med mykje lys».

Avdelingane på Dale-Gudbrand formidlar historia om Tusenårsstaden Dale-Gudbrands gard og gjev informasjon om Olavstradisjon. Avdelingane er samlokalisert med Pilegrimssenter Dale-Gudbrand og samarbeider tett mot senteret når det gjeld informasjon og motak av pilegrimar. Gardsbutikken har overnatting for pilegrimar.

GM forvaltar kulturminna gjennom planverk i samarbeid med Innlandet Fylkeskommune.

Aktivitet

Avdelingane på Dale-Gudbrand var sterkt involvert i Tusenårsfeiringa Hundorp2021 og deltok i olsokmarkeringa i 2022. I samarbeid med Ringebu læringscenter tok avdelinga i mot elevar ved læringscenteret for å gi dei ei innføring i kulturarven i midt-dalen. Desse elavane er innvandrerar og det er samfunnsnyttig å gje dei denne innføringa.

I tillegg var fleire trinna i grunnskulen i Sør-Fron innom Tusenårsstaden for skuleformidling der tema var gardens historie og Olav den heilage.

GM var også sterkt involvert i Vikingdagar på Dale-Gudbrands gard i september. Vikingdagar er eit DKS opplegg og eit tilbod til alle 6 klasse i Sel, Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu kommunar. Vikingdagar gjennomførast kvart år i september. GM har vore med som ein medaktør sidan 2010. I 2022 samla vikingdagane vel 250 born frå Gudbrandsdalen

Avdelingsleiar ved avdelinga har halde fleire foredrag for grupper i 2022. Våren 2022 var studentar frå universiteta i Oslo, i Turku og Tartu på besøk og fekk formidla kunnskapen rundt Olav Haraldsson og pilegrim av dagleg leiar.

Utstilling og formidling

Utstillinga som vart sett opp i f m Hundorp2021 er no teke ned. Gjenstander er returnert til Kulturhistorisk museum, og avdelinga har ikkje noko utstilling i 2022.

I samanheng med Hundorp 2021 var eit av oppdraga å få i stand ein formidlingsarena for barn og unge. HIDDEN er ein formidlingsapp som fortel korleis ein levde på Hundorp i vikingtid gjennom eit barns auge. Dette var eit utviklingsprosjekt i samband med jubileumsfeiringa, og fylkeskommunen har vore ein pådrivar for realisering. Prosjektet har møtt utfordringer både ved at det tekniske utviklingsmiljøet delvis har hatt leveringsproblem slik at løysinga ikkje var klar til jubileet. Dermed mista ein mykje av momentet, men løysinga er nå tilgjengeleg.

Tusenårsstien er og ein app som formidlar historia til staden gjennom forskjellige tematiske forteljingar. Denne formidlingsarenaen er ikkje bunden til staden.

Samstundes har ein og ein analog informasjonskanal på staden gjennom infotavlar. Dette gjev ein heilheitleg formidling av historia.

Gardsbutikken og Tusenårsted hadde formidlingsansvaret for HIDDEN og Tusenårsstien. Desse attraksjonane var godt besøkt i 2022 og fekk gode attendemeldingar.



Pilegrimssenter Dale-Gudbrand

«Velkommen som pilegrim på vandringsleden eller som vandrer på pilegrimsleden»

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand gir informasjon og veiledning til vandraren på pilegrimsleden – Gudbrandsdalsleden og er samlokalisert med Gudbrandsdalsmusea sine avdelinga på Dale-Gudbrands gard. I tillegg har senteret ansvar for oppfølging av leden som infrastruktur, formidlingsarena og næringsveg frå og med Lillehammer til og med Sel kommune, totalt 175 km.

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand leverer eige rapport. Denne er vedlagt.



Tankeplass Høgkleiva (Foto GM)



Sporlaus ferdsel (Foto GM)

Folkemusikkarkiva

Folkemusikkarkivet for midt- og sør-Gudbrandsdalen

Tom W. Rustad er arkivleiar for Folkemusikkarkivet og Midtdalsarkivet på Ringebu. Gudbrandsdalsmusea og Ole Bull Akademiet på Voss har ein samarbeidsavtale der Rustad er fyrsteamanuensis og lærar for bachelor- og masterstudentane. Det er ein fin symbiotisk modell der arkivkunne og tradisjonsmusikk blir formidla til nye generasjonar av unge folkemusikkstudentar.

Formidling

2022 har vore eit godt formidlingsår for folkemusikkarkivet. Vi har hatt besøk av folkemusikklinja på Vinstra vgs, vore delarrangør på dansekurs for barn, munnharpekurs for ungdom.

Folkemusikktradisjonen frå Gudbrandsdalener er presentert på den anerkjende nettsida *Norsk munnharpe.no*. Folkemusikkarkivet har heldt kurs for domarar på Landskappleiken arrangert av FolkOrg, samspelkurs for Trondheim toradergruppe og spelt på Folkemusikktimen i NRK i høve Landskappleiken i Rjukan. Heile hovedkatalogen med oversikt over 10.000 folkemusikknotar er no publisert på Arkivportalen.no, der målet er å få digitalisert notane og publisert dei på Digitalt Arkiv.

Det har vore spelt rundt 15 konsertar, der ein har presentert arkivmateriale frå Gudbrandsdalen.

Folkemusikkarkivet har hatt eit prosjekt som heiter «Sisteren, ein gløymt skatt i norsk folkemusikk»

Prosjektet er støtta av Kulturrådet, og det er produsert to nye instrument på bakgrunn av gamle instrument frå 1700-talet. Blant anna sisteren som står utstilt på Maihaugen på Lillehammer Museum, laga av Amund Hansen. Det er Yngvar Thomassen frå Nesodden som har laga dei nye instrumenta.



Folkemusikkelevane på Vinstra vgs på besøk.



Kurs i munnharpespel frå Gudbrandsdalen.



Studentane på Ole Bull Akademiet lærar å halde konsertar for barn

Innsamling til arkivet

Det er gjort fleire opptak av konsertar der barn spelar folkemusikk, blant anna på juleavslutningar og folkemusikkurs. Det er også gjort eit innsamlingsarbeid for å dokumentere bygdedansen fleire stader i Gudbrandsdalen, og eit digitaliseringsarbeid med gamle danseopptak frå Sør-Fron. Arkivet har fått inn mange historiske foto av folkemusikarar. Eit prosjekt i år har vore å dokumentert etableringa av folkemusikkstudier i Noreg som kom i gang på 1980-talet. Her er det samla inn både skriftleg materiale, og gjort intervjuopptak.



Sister av Yngvar Thomassen, laga på oppdrag frå Gudbrandsdalsmusea.

Forskning og vitenskapeleg arbeid

Tom W. Rustad er styremedlem og seminaransvarleg i Norsk Folkemusikklag, og i redaksjonen til «Musikk og Tradisjon» fagtidsskriftet til NFL. Laget er norsk representant i organisasjonen International Council of Traditional Music (ICTM), og tidsskriftet har den høgste faglege akademiske status i Noreg.

I år vart det arrangert eit seminar på Ringve Musikkmuseum for eldre norske blåseinstrument i folkemusikken. Seminaret vart kalla «Blås i folkemusikken» og var eit vitenskapeleg symposium der forskarar og musikarar heldt foredrag om blant anna bronselur, bukkehorn fløyter og folkelege klarinettypar.



Foredragshaldarar på NFL sitt seminar «Blås i folkemusikken» på Ringve Musikkmuseum
Det vart skriva ein vitenskapeleg sluttrapport til Kulturrådet i høve avslutninga av susterprosjektet «Sisteren, ein gløymt skatt». Det er skriva to artiklar som blir publisert i boka som gis ut i høve FolkOrgs 100-årsjubileum. Den eine artikkelen tek for seg historiske fakta kring etableringa av dei ulike folkemusikkstudiane som starta kring 1980, og kva som er status i dag. Den andre handlar om historia til slåttespelet på durspel i Noreg frå 1860-åra, og fram til i dag.

For fyrste gong vart det i år uteksaminert to masterstudentar i folkemusikk ved Griegakademiet. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Bergen og Ole Bull Akademiet. Rustad har vore vegleiar for Kristoffer Kleiveland, og saman med Johanne L. Mjøs hadde dei sine masterkonsertar på Osafestivalen 28. oktober.

Folkemusikkarkivet for Nord-Gudbrandsdalen

Arkivet er ope kvar tysdag, her kan ein høyre på musikk, bla i noter, lese bøker, sjå på bilete eller berre koma innom og få kaffe og ein prat. Vi er heldige som har fleire friviljuge som både digitaliserer lyd og som sit med gamle bilete. Dette er til stor hjelp, da ressursane er knappe.

Alt av manuskript er sendt til digitalisering, gjennom prosjektet til Opplandsarkivet.

I forkant av folkemusikkutstillinga i Ullinsvin i sommar, samla vi inn store mengder foto. Desse er skæna og registrerte.

Formidling frå folkemusikkarkiva

I sommar arrangerte arkivet musikk på tunet i Ullinsvin kvar torsdag, noko både lokalbefolkning og turistar sette stor pris på. Formidling av arkivmateriale har vorte gjort på mindre møte og arrangement, det var også ei kveldsseto i Jutulheimen som tok for seg nytt frå arkivet.



Før jul var det ei skuleklasse som var inne i vårt «studio» for å syngje inn ein julesong.

Opplandsarkivet – privatarkiv

Ringebu

«Midtdalsarkivet, ein samlingsstad for dei lokale historielaga»


Arkivet ligg i Innovasjonsenteret i Ringebu over biblioteket og er ope for publikum kvar onsdag og etter avtale. Vi er takksame for all kunnskap og arbeidsinnsats Oddleiv Ringlund har bidratt med gjennom sitt virke i Gudbrandsdalsmusea og Midtdalsarkivet. Han gjekk av med pensjon i oktober. Vi har hatt god hjelp dette året av Ola B. Klashaugen som har vore arkivassistent.

Formidling

Eit av hovudmåla i år har vore å knytte tettare band med dei lokale historielaga. Det har vi langt på veg lukkast med. I samarbeid med Ringebu historielag har vi arrangert kurs i tyding av gotisk skrift, og foredrag med Jon Ødegård som har fortalt om gamle Vålebru. GM har også ordna lisensavtale slik at Fron historielag får tilgang til å publisere historiske foto på Digitalt Museum. Det har også vore inspirerende å hjelpe til med fotoutstillinga på Ullinsvin, og å vera hjelpemannskap under vikingdagane på Hundorp.




Arkivarane (tv) Tom W. Rustad, Kristin A. Hagen og Stein Villa hjelp til under barneskuleprosjektet «Vikingdagane på Hundorp».



Kveldsseto, kurs i tyding av gotisk skrift med Jakup Skeidsvoll. Eit samarbeidsprosjekt mellom Ringebu Historielag og Midtdalsarkivet.

Målretta innsamlingsarbeid



Takk til Oddleiv Ringlund (th) for flott arbeidsinnsats og godt samarbeid. Det er kome inn mange privatarkiv, og det kjem også inn tilvekst til eksisterande arkiv. Det er planar for eit samarbeid med Ringebu kommune om å få delar av Ol-arkivet som omhandlar Kvittfjell.

Dombås

Arkivet har i 2022 hatt vanlege opningstider på onsdagar gjennom året (med unntak av desember da det var stengt grunna sjukdom). Besøkstalet i opningstida til arkivet har auka i



høve til 2020 og 2021 men er noko lågare enn i åra før pandemien. Lokalsamlinga er saman med biblioteket, og ein del er innom og bruker biletmateriale i lokalsamling i biblioteket si opningstid. Desse besøka blir ikkje registrert hjå arkivet.

Året har vore prega av arbeid med ordning og registrering av foto og arkiv. I løpet av året er det kome inn 4 nye arkiv og tillegg til 4 eldre arkiv. Ein kan her spesielt nemne fotoarkiv etter Mathis Kværne med ca. 10500 foto (negativ og dias), og nokre tusen papirkopiar, til saman ca. 1 hm. Kværne ga ut 6-7 bøker om Fokstumyra og Dovrefjell på 1970- og 80-talet med fokus på fuglelivet i området.

Fyrst på året var arkivleiaren (som privatperson) med på arbeidet med bok om Arne "Castro" Haugerud som grunnla Texaco-stasjonen på Dovre i 1960. Dette resulterte i vel 200 bilete til arkivet frå drifta ved stasjonen frå starten og fram til 2022.

Det var òg i 2022 eit nært samarbeid med Dovre historielag, som driv innsamling av stoff til eit nytt bokprosjekt. Denne gongen er det bruken av vatn som er fokus, anten det no er som vassvegar og vatnarvatn, eller drivkraft for kvenner, sager o.l. Arkivet bidreg med noko vegleieing, historiske kjelder, skanning av bilete m.m.

Elles har arkivet bidrege med bilete til årsskriftet til Dovre historielag (Dovrebygde) og til ein god del artiklar i lokalavisa Vigga.

Vågå

Arkivet ligg i Ullinsvin og er ope for publikum kvar tysdag. Mange som arbeider med lokalhistorie nyttar dette tilbodet svært aktivt. Dette gjer at arkivet i Vågå er ein levande plass for historiearbeid. Det er stor interesse for vår store «slektsforskarvegg», og mange er engasjerte i å finne fram i slektshistoria.

Arkivet

Arkivet i Vågå er ein gjev samlingsplass for lokalhistorikarar, forskarar, slektsgranskarar og ikkje minst friviljuge som vil gjera ein innsats for å digitalisere og vise fram samlingane våre.



Bilete frå arkivet i Ullinsvin. Ljose og trivelege lokale.

Arkiv i eteren

Arkivet er aktivt på facebook og instagram. Her blir det formidla både historier, bilete og aktivitet. Facebook er også ein viktig kanal for å namne gamle bilete. Kwart år har vi ein kveld med «nytt frå arkivet», noko som dei to siste åra har vore ei kveldsseto. Vi har også teke imot besøkjande som har vore ute etter å få høyre meir om si slekt.

Innsamling

Etter at det nye magasinet kom på plass i Ullinsvin har fleir og fleir kome med sine private arkiv og gjenstandar. Dette på grunn av at fleir blir klar over kva vi tek i mot og ikkje minst att oss har god plass med stabilt klima og trygg oppbevaring. Det er også gjort nye intervju og opptak av f.eks. konserter.



Skjåk

Innsamling og forvaltning

Arbeidet i 2022 har i stor grad gått på det som stod i årsplanen for arkivavdelinga: Ajourføring av avtaler, finordning av arkiv, og innsamling og registrering av biletmateriale. Vi har no ei relativt sett ei god og spesifisert oversikt over film- og lydmedia i Excel. Her går det fram totalt antal media, kor mykje som er digitalisert, innhald, lengde på opptaka og kvar dei finst i arkivet. Ved ein gjennomgang viser det seg at talmaterialet også dette året

måtte justerast, men ikkje i den grad som tidlegare år. Det er berre små justeringar som gjeld mindre feil under oppteljinga tidlegare og betre oversyn over samlingane.

Nye arkiv og tillegg av gamle har kome inn. Det er 4 nye arkiv og 1 tillegg til tidlegare innkomne arkiv. 3258 nye bilete er registrerte siste året. Vi veit at det finst mange interessante bilete rundt om i bygda, men det må arbeidast aktivt for å få tak i desse. Biletsamlinga er totalt på ca 33000 foto. Dette talet er i samsvar med måten arkivstatistikken blir gjort på. Totalt ligg det ute 8357 foto på Digitalt museum. Ingen nye bilete lagt ut sist år, men det vil skje i 2023. Dette arbeidet fører til stadig større etterspørsel etter bilete frå institusjonar og private. Eit vesentleg moment for oss er dei korrigeringane og tilleggsinformasjon som kjem inn frå dei som ser på bilete på nettet. Sist år har vi og fått opplysningar og forslag til endringar frå USA.

Dei klimatiske tilhøva er relativt stabile og akseptable i høve til det materialet vi har. Samarbeidet med kommunen vedkomande reinhald og sikring er i orden.



Sylfest Lykre har vore ein kunnskapsrik og flittig hjelpar gjennom 20 år.

Formidling

Samarbeidet med i Skjåk kommune, Skjåkheimen, Skjåk folkebibliotek og lag og organisasjonar heldt fram utan store endringar. Dette gjeld både ved arrangement og hjelp med registreringsarbeid, innsamling av materiale, og ved bruk av sams utsyr og lokalar. Lokalavisa Fjuken er og ein god samarbeidspartnar.

Skjåkheimen og skulebesøk i Øygard skule

I samband med at Skjåkheimen fylte 100 år i 2022 produserte vi ein biletserie som viste endringar bygningsmessig og aktivitetar i løpet av denne perioden. Biletserien vart vist under fleire arrangement i jubileumsåret.

Dette året var det og besøk i skulesamlinga i Øygard skule av to lærarar og 19 elevar frå femte klasse frå Skjåk barne- og ungdomsskule. Det vart eit fint arrangement med interesserte og ivrige elevar som gjerne ville vite korleis det var å gå på skulen på 1950-talet. Den årvisse Skjåkkalenderen og Kvelds-seto vart utgjeve også dette året, og der vert det nytta mange bilete og stoff frå arkivet.

Arrangement / Prosjekt

Den 8. februar vitja Øysten Rudi og Geir Marius Thorud Feljakupstugu. Der vart det både slåttar på fele og trekkspel samt samtale om livet til den kjende spelmannen.

Den 29.3 gjennomførte vi eit kurs for vaksne i bruken av Digitaltmuseum. 13 personar viste stor interesse i bruken av denne kjelda, der både vår eiga biletsamling og andre samlingar på nettet vart presentert.

Den 3. september var GD på besøk saman med Øystein Rudi. Fel-Jakup og livet hans vart presentert. Det resulterte i ein fin artikkel i avisa der bruk av kulturhistoriske bygningar generelt var i fokus.



Natta før GD var på besøk overnatta Øystein i Fel-Jakupstugu. Det var nok litt kjøleg og senga var stutt. Men han fekk kjenne på ei spesiell stemning.

Bygningsrådgjevar

Bygningsvern

Siste året har kome med store endringar i ytre rammevilkår, generell prisoppgang på alt av varer og energikostnader, både bygging og restaurering blir dyrare. Det er litt nedgang i antal synfaringar, likevel opplev vi vilje til å ta vare på hus og bygningar. Det er stort spenn, både i eigarsituasjon og type hus. Nokon vil skapa næring i og med gamle hus, andre treng ein plass å bu, andre vil gjera det siste løftet som dei enda ikkje har fått anledning til.

Interessa for hus, fag og tradisjon er stor, tre opne arrangement i løpet av sommaren fekk omkring 150 besøkande. Vi møtte tre ulike eigarar som gjennom mange år har satt sitt preg på hus og eigedom. Dette gjev positive ringverknadar, fleire får idear og ser at det er mogleg.



Kjersti og Tronn Flitti på Lora inviterte til ope gard 7.juli

Kunnskap og utveksling

Delteke på samlingar på Haverstad, der det ved sidan av mellomalderloftet blir bygd ein kopi av dette. Arbeidsseminar/ utveksling mellom handverkarar, museum, fylkeskommune og universitet. Arenaen blir praksisplass for nye studentar innafor tradisjonshandverk.

Studiesamlingar på Maihaugen og Ringebu. Mellom anna datering av støpulen ved Ringebu Stavkyrkje.

Valdresmusea arrangerte kurs i dendro-datering, der Gudbrandsdalsmusea, Maihaugen og NTNU stod for det faglege.



Formidling av praktisk kunnskap om nevertekking av tak til handverkarar i Heidal, dette gjekk over to dagar.



To unge karar som bruker læretida på Hjerleid til å restaurere eit gammalt hus frå Lesja. Huset skal oppatt og brukast på nytt. Råd, tips og oppmuntring frå bygningsvernrådgevar.

Arbeid

Restaurering av Stueflotten hotell er godt i gang. Vi prøver å få med fleire utøvande, men generelt stor arbeidsmengde og lang ventetid.



Arbeidet på Stueflotten begynner å vise resultat. (bilde over)

Fjoset på Lesja fekk omsider permanent taktekking, det vart brukt lokal trematerial og milebrent tjyru frå Skjåk.

Sagflaten, dugnad og arbeid med kassehus. Nye sviller, oppretting og fundament.



Datering av bygningar og prøvetaking.

To hus i Valdres, det eldste frå 1603 vart undersøkt i samband med eit kurs Valdresmusea arrangerte. Syse var med som instruktør saman med Kjell Marius Mathisen frå Lillehammer museum og Helene Løvstrand Svarva frå NTNU.

Støpulen på Ringebu, ventar på analyse av prøver. Prøvene vart teke i samband med studiesamling i bachelorstudiet.

Prosjekt Villreinarven

«Verdiskaping gjennom kunnskap»

Verdiskapingsprosjektet Villreinløypa skifta i 2022 namn til «Villreinarven».

Selskapet Nordveggen er innleigd som prosjektleiarar, og har gjennomført ei rekkje aktivitetar i samsvar med prosjektplan i meldingsåret. Det er oppretta tre pilotsatsingar i Lom/Skjåk, Vågå og Lesja. Alle pilotprosjekta arbeider med utvikling av heilt konkret næringsmessig nyskaping bygd på det potensialet som ligg i villreinstatusen i Nord-Gudbrandsdal. Aktiviteten i pilotsatsingene er krevjande, der både vernestatus og status på raudlista over trua naturmangfald utgjer ei utfordring med tanke på konkret verdiskaping. Avstanden frå villreinen som attraksjon til publikum er ei utfordring. Samtidig er det med å gjera dette pilotarbeidet både interessant og viktig nettopp fordi slike hensyn vil bli meir og meir relevante og etterspurte i tida som kjem.

I samråd med Norsk Villreinsenter på Hjerkin, Nasjonalparkriket Reiseliv, Nasjonalparkforvaltninga og Norsk Fjellsenter vedtok prosjektstyret å søkje om forlenging av prosjektet.

ORGANISASJONEN



Gudbrandsdalsmusea

Opplandsarkivet avdeling Vågå
Lokalarkiv for Lom, Vågå og Sel
Folkemusikkarkivet for Nord-Gudbrandsdalen

Bygningsvernrådsgjevar
Tilgjengeleg for rådgiving

Opplandsarkivet avdeling Dombås
Lokalarkiv for Dovre og Lesja

Vågå bygdamuseum
Jutulheimen

Lesja bygdemuseum

Einbustugu

Opplandsarkivet avdeling Skjåk
Lokalarkiv for Skjåk

Norsk fjellsenter

Lom stavkyrkjesenter

Lom bygdamuseum
Presthaugen

Otta bergverksenter

Pilegrimsenter og Dale-Gudbrands gard

Opplandsarkivet avdeling Midtdalsarkivet
Lokalarkiv for Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu

Gudbrandsdal Krigsmminnesamling

Folkemusikkarkivet
Midd- og Sør-Gudbrandsdalen
(Opplandsarkivet)

Ringebu stavkyrkjeutstilling

NO | Velkommen inn!
Besøk ei av våre 17 avdelingar og få ein bit av Gudbrandsdalen sin historie!
Gudbrandsdalsmusea er regionmuseum for ni kommunar i Gudbrandsdalen med Norsk fjellsenter, tre friluftsmuseum, to stavkyrkjeutstillingar, fleire besøkssentre og privatarkivavdelingar frå Ringebu og nordover til Lesja og Skjåk. Kvar avdeling har opningstider for publikum.
Vi ønsker å inspirere deg ved å fortelje om og syne fram musikk, dokument, gjenstandar, reiskap og bygningar som har vore viktige for menneska i dette dalføret.

EN | Welcome!
Visit one of our 17 departments and get a piece of the local history!
Gudbrandsdals Museums consists of The Norwegian Mountain Center, three open-air-musums, to stave church exhibitions, several visitor centers and several private archives from Ringebu in the south to Lesja and Skjåk in the north. Every department is open to the public. Visit our webpage for opening hours and contact information.
Please come in!

DE | Willkommen!
Besuchen Sie eine unserer 17 Abteilungen und lernen Sie lokale Geschichte kennen!
Die Museen von Gudbrandsdalen sind: das Norwegische Bergzentrum, drei Freilichtmuseen, zwei Stabkirchen, mehrere Besucherzentren und eine Reihe privater Archive von Ringebu im Süden über Lesja bis zu Skjåk im Norden. Alle Ausstellungen sind öffentlich. Auf unserer Website finden Sie weitere Informationen über Öffnungszeiten und Ansprechpartner.

www.gudbrandsdalsmusea.no

Gudbrandsdalsmusea AS (GM) er regionmuseum for Gudbrandsdalen med avdelingar og besøkssenter frå Ringebu i sør, til Lesja og Skjåk i nord.

Styret

Det har vore 5 (5) styremøte i 2022 og styret har handsama 42 (36) saker. Generalforsamling vart halde onsdag 25. mai på Hjerleid, Dovre, med 100% frammøte blant eigarane.

Styre i 2022 fram til Generalforsamling:

Jan R Rasmussen	styreleiar
Signe T. Rolstad	for institusjonseigarar, nestleiar
Cecilie Asp	for Lesja, Dovre og Sel
Endre Skjåk	for Skjåk, Lom og Vågå
Birgitte Bay	for Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu
Trond Ole Haug	for institusjonseigarar
Thea Grobstok Dalen	for dei tilsette

Styre i 2022 etter Generalforsamling 25. mai:

Cecilie Asp	styreleiar
Trond Ole Haug	nestleiar, repr for institusjonseigarar
Birgitte Bay	for Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu
Endre Skjåk	for Skjåk, Lom og Vågå
Einar Utgard	for institusjonseigarar
Bjørn Lonbakken	for Lesja, Dovre og Sel
Thea Grobstok Dalen	for dei tilsette

Nettverk og samarbeid

Gudbrandsdalsmusea har eit godt samarbeid med eigarar og historielag i kommunane vi held til. I samband med vårt arbeid med naturhistorie har vi god kontakt med SNO, Fjellstyret,

Villreinsenteret, Nasjonalparkforvaltarar og annan kompetanse innan natur- og kulturarv.

Gudbrandsdalsmusea deltek i følgjande nettverk:

- Museumsforum Innlandet
- Bergverksnett
- Opplandsarkivet
- Nettverk for folkemusikkarkiv
- Krigshistoriske museum
- ICOM
- Det nasjonale pilegrimsforumet
- Green pilgrimage
- Organisasjonen «St Olav ways» – Europeiske kulturveier.
- «ACSOW – Association for the cultural route of St Olav ways»
- «Pilegrimsfellesskapet St Olav».
- Visit Lillehammer
- Nasjonalparkriket Reiseliv
- Midt-Gudbrandsdal Næringsforening.

- Nettverk for bygningsvernrådsgjevarar i Oppland
- Bygningsvernnettverk for tradisjonshandverk og bygningsvern
- Virke sitt nettverk for museumsdirektørar
- Fylkesarkivet
- Nasjonalbiblioteket
- Lokale historielag
- Arkeologisk forum i Lesja og Dovre
- Dovre og Lesja krigsminnesamling
- Medlem i Kvam historiske
- Veneforeiningar
- Kommunar, lag og foreiningar
- Kulturhistorisk museum i Oslo
- Stiftelsen Ringebu prestegard
- Ringebu Rotary
- Nasjonalt kulturlandskapsnettverk
- SNO
- Fjellstyret
- Villreinsenteret,
- Nasjonalparkforvaltarar
- Kompetanse innan natur- og kulturarv
- Gudbrandsdalsmat AS
- Organisasjonen Norsk kulturarv
- Senter for bygdekultur og handverksskulen ved Hjerleid
- Gudbrandsdal historielag

Personal

Gudbrandsdalsmusea har hatt 16 (16) fast tilsette i 2022. Museet har ei målsetting om størst mogleg andel heile og faste stillinger. Stillingsstørrelse varierer likevel frå 10 til 100%.

I løpet av året har tre tilsette gått av for alderspensjon, og to tilsette i deltid har slutta. Avgangane er erstatta, med noko stillingsauke på faste, ein ny tilsett, og to stipendiater. Vi håper å finne økonomisk rom for at fleire funksjonar blir erstatta i 2023. Bevilgningar til museet held ikkje følgje med pris- og lønnsvekst. Strømpris er eit ekstra spørsmålsteikn også i vår verksemd, og det er dermed ikkje mogleg å erstatte avgang fullt ut. Fleire ulike fagmiljø og ressurspersonar er leigd inn på engasjement til ulike prosjekt gjennom året. Det same gjeld oppgåver innan drift- og vedlikehald.

Tilsette i 2022

Stein Grjotheim	20 %	Opplandsarkivet, Skjåk
Thea Grobstok Dalen	50 %	Fjellmuseet i Lom
Olav Tøfte	100 %	Formidlingsansvarleg, Lom (til 20. august)
Kristin Akslen Hagen	100%	Jutulheimen og arkivet i Vågå
Eirik Haugen	60%	Jutulheimen og registrering av gjenstandar, Vågå
Ellen S Syse	60 %	Lesja Bygdatun
Inger Synnøve Killi	15%	Lesja Bygdetun
Håvard Syse	100 %	Bygningsvernrådsgjevar, Lesja
Ola Tovmo	50 %	Opplandsarkivet, Dombås
Kjell R. Voldheim	10 %	Industriregistrator, Otta
Søren Hald	100 %	Samlingsansvarleg, Lom (til 1. juli)

Tom Willy Rustad	100%	Midtdalsarkivet / folkemusikkarkivet, Ringebu
Oddleiv Ringlund	60 %	Opplandsarkivet, Ringebu (til 1. oktober)
Jorun Vang	20%	Kommunikasjon og formidling, Toten
Per Gunnar Hagelien	100%	Pilegrimssenteret, Gudbrandsdal Krigsminnesamling, Ringebu Stavkyrkjeutstilling, Tusenårstad, Gardsbutikk
Øystein Rudi	90%	Direktør, Hundorp
Prosjekt		
Ola Klashaugen	60%	Prosjekt i samarbeid med NAV, dig. og IKT
Victoria Noor	100%	Stipendiat, tekstil (frå 1. okt)
Nordveggen AS ved Solveig Brøste Sletta har hatt prosjektansvar for «Villreinarven»		
Norsk Turistutvikling AS ved Kjell O Solbakken har hatt ansvar for forprosjektet «Nasjonalt senter for naturstein»		

HMS

Gudbrandsdalsmusea er medlem i arbeidsgjevarorganisasjonen Virke og har hovudoverenskomst gjennom dei. Personalhandboka regulerer det daglege for personalet. Museet er medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelsetjeneste/Frisk. Vi har i 2022 hatt ein person inne i praksisplass gjennom NAV i ein periode av året. Museet har verneombod. Arbeidsmiljø og vurdering av tiltak drøftast ved behov. Årlege personalsamtaler vert gjennomført med alle fast tilsette. Museet er medlem i KLP pensjon og har personalforsikringa der.

Som eit stabsbyggande tiltak har vi gjennom delar av året gjennomført digital morgonkaffi ein dag i veka. Der delar vi smått og stort som skjer i avdelingane våre og får attendemelding på prosjekt vi driv med.

Vi har hatt tre personalsamlinger, samt fleire samlinger i ulike faggrupper.

Likestilling, inkludering og mangfald

Kjønns- og alders balanse både i styre og mellom dei tilsette er god. I styret er det 4 kvinner og 3 menn før generalforsamling, og 3 kvinner og 4 menn etter generalforsamling i mai.

Universell utforming

Gudbrandsdalsmusea har handlingsplan for tilrettelegging ved behov, og der det er mogleg.

Bygdatuna representerer utfordringar når det gjeld tilgjengelegheit, og dette tek vi omsyn til så godt det let seg gjera. Tilgjengelegheit for publikum i bygdatuna er følgd opp med praktiske tiltak i 2022, der utbetring av hovudstien gjennom Presthaugen, fjerning av stuppar og røt, planering, oppgrusing og lyssetting er det største enkelttiltaket.

Sluttord

Gudbrandsdalsmusea er har i underkant av 10 årsverk, delt på 16 fast tilsette og nokre engasjement. Oppgavene er mange og varierte, og vi freistar til kvar tid å ta tak i dei oppgaver som vi meiner er mest fornuftige og gjev mest attende til lokalsamfunna i Gudbrandsdalen.

Helsing frå dei tilsette i Gudbrandsdalsmusea.